



Kort sagt — 02 september 2017

## KÅSERI OM OSELVAREN

Torsdag 7.9. (kl. 19.00) vert det kåseri ved Kjell Magnus Økland på Stord maritime museum. Han er forfattar av det store bokverket *Oselvar Den levande båten* som kom ut i 2016. Oselvar er ein klinkbygd, tradisjonell trebåttype frå Hordaland. Båttypen har vaks fram etter ei utvikling som strekkjer seg over fleire tusen år. Oselvaren har tradisjonelt vore nytt som bruksbåt og til kappseiling og kappsegling sidan 1800-talet. Kjell Magnus Økland er dagleg leiar for Kystsogevekene. Han gav i 2016 ut boka *Oselvar – den levande båten* og var den som skreiv nominasjonsframlegget som førte til at bygging og bruk av Oselvaren vart ført opp på UNESCO si liste over gode vernepraksistar. Venelaget for Stord maritime museum og Stord folkebibliotek som er arrangørar.



Foto: Pressefoto (nordhordaland.no) Kjell Magnus Økland

---

## ANDRE NYHENDE

### Nausttufta til eit vikingskip

september 04, 2017

### Køyrdé utfør veggen

september 04, 2017

### Gjekk i tunnelen

september 03, 2017

september 03, 2017

### Fartsbot på 8300 kroner

september 03, 2017

I rusa tilstand...

september 03, 2017

### Poengdeling igjen

september 03, 2017

Ønskjer legekontor i Sagvåg

september 02, 2017

### Innvandrarråd i Stord

september 02, 2017

Der er det gjennomkjøring forbode

september 02, 2017

### Fleire i arbeid

september 01, 2017

Nåden aleine

september 01, 2017



### Meir til strandrydding

september 01, 2017


Kyrkjehelg

august 31, 2017

### Allsongen blir 13. mai

august 31, 2017

LEGG TIL ARRANGEMENT +

[Sjá fleire lokale arrangement](#)

# KVA SKJER?

**HANNE KROGH**  
Ta meg til havet

Den komplette kulturguiden  
får du i Sunnhordland!

**KORT SAGT****Nausttufta til eit vikingskip**

Onsdag komande blir det eit todelt møte med vikingtida på Rommetveit (frå klokka 1730 til 1930). Ved nausttufta nedom lærarskulehagen vil born i Villvettene barnehage og elev ved Rommetveit stå for velkomsten. Atle Bjørn Mæhle frå Stord Sogelag vil orientera om prosjektet og elevar ved skulen vil fortelje om nausttufta som er blitt eit merka kulturminne.

Kl 1815 bli det samling i gymsalen på Rommetveit skule der lærar Øyvind Nordlie fortel om det pedagogiske opplegget, medan elevar frå skulen syner filmar dei har laga om vikingtida med utgangspunkt i nausttufta.

**Køyrd utfor vegen**

Frå politiloggens måndag morgen: Stord: Kl. 0215.  
Mopedfører(17) køyrd ut av vegen på E-39 vi/Ådland bru.  
Sjekk på legevakt. Sak oppretta.

**Gjekk i tunnelen**

Bømlafjordtunnelen var søndag ettermiddag stengd for biltrafikk ei stund, avdi ein person var observert gåande inne/nede i tunnelen.



Måka (på) taket...

Her må vel spørsmålet bli om da e lika grett me' ni måka på taket – eller å måka taket?

**Fartsbot på 8300 kroner**

Følgjande melding i loggen til Sør-Vest politidistrikt

søndag morgen, er ei ny stadfesting på at det løner seg å halda fartsgrensene:

Stord: 2 motorsykkellister målt til 115 km/t i 80 sonen i Bømlafjordtunnelen. Forelegg stort kr. 8300,-.

### I rusa tilstand...

Tre gonger måtte politipatruljen aksjonera mot personar i rusa tilstand på Leirvik natt til søndag:

Ein ung rusa mann i slutten av tenåra vil bli siktad for å ha brote narkotikalovgjevinga, han var sett i arresten. Ein mann i byrjinga av 20 åra vart vist vekk frå sentrum. Han hadde prøvd å dirka opp ei dør han ikkje hadde tilgjenge til. Ein mann i slutten av 30-åra vil bli bøtlagt for i nattemørket å ha urinert på offentleg stad.

### Poengdeling igjen

I møtet med Herd på Stadion laurdag, vart det ein tredjegong reprise for Stord når det gjeld «kampens gange». For igjen tok Stord leiinga, denne gong ved Petter Hilton, og klarte halda denne like til 87. speleminutt. Då fekk gjestene straffe og kampen enda 1-1. Til helga skulle det vera sjansar for full poengpott, når Stord tek turen til Ålesund og møtet botnlaget Ålesund2.

### Ønskjer legekontor i Sagvåg

Samstundes som komite for rehabilitering, helse og omsorg drøfta og sa seg samd i budsjettingar for å koma i hamn med 2017-økonomien, vart det vedteke å senda over eit forsalg til rådmannen når han no går i gang med oppsett for pengebruken i 2018:

«Ein ber rådmannen i samband med budsjettarbeid for 2018 om å vurdera tilsetjing av ein ny kommunalt tilsett lege og oppretting av eit kommunalt legekontor i bydelen Sagvåg-Litlabø».

### Innvandrarråd i Stord

Komite for rehabilitering, helse og omsorg vedtok på møtet torsdag å setja i gang arbeid med å utarbeida retningslinjer for kontaktutval med særleg ansvar for å drøfta innvandrarspørsmål. Vedtaket om etablering av eit slik kontaktutval vert utsett til budsjettetthandsaminga for 2018. Saka skal endeleg vedtakast av komiteen, går det fram av møteboka.

### Der er det gjennomkjøring forbode

Medan vegen mot Skjersholmane (som også er tilførsleveg til Kårevikmarkjo) er lysregulert, har somme bilførarar falle for freistainga å bruka buss- (og redningsbil) passasjen mellom Moldmyrvegen og Kårevikmarkjo. Strekket er skiltat med gjennomkjøring forbode for privatbilalar. I timen mellom 0100 og 0200 natt til laurdag var det kontroll i området – med det til følgje at politiet måtte skriva ut to forelegg til sjåførarar som braut forboden..

### ARKIV

Arkiv Vel månad

### STORDNYTT.NO

Journalist:  
Steinar Hystad

### KONTAKT OSS

Om du har tips til redaksjonen eller om du ynskjer å annonsera, ta kontakt med

steinar@stordnytt.no  
950 31 154

oss på ein av desse e-post-adressene:  
[nettnytt@stordnytt.no](mailto:nettnytt@stordnytt.no)

[annonser@stordnytt.no](mailto:annonser@stordnytt.no)



© 2017 Stordnytt. All Rights Reserved.

Powered by Wordpress. Designed by Skyali